



JÆRMUSEET 10 ÅR

Tilbakeblikk og framtidsperspektiv

MÅLFRID SNØRTVELAND

Eit museum veks fram på Kvial i Hå. Det veks opp av kulturlandskapet. Her ligg spor etter landbruk i årtusen tett opp til moderne gardsbruk. mellom fortid og nåtid har Jærmuseet funne tomta si. Den er på 56 mål og hyser både museumsbygg og eit gardsbruk.

Kviagarden er museumsgard i heilårsdrift. Bygningane på garden er frå 1870-åra. Det var gjennombrotstida for det mekaniserte jordbruket på Jæren. Her skal 1950-talet prega drifta. Det var overgangen frå hesten til traktoren sin tidsalder.

Museumsbygget ligg tett ved garden. Herifrå kan ein følgja arbeidet på åker og eng. Utstillingane inne vil presentera framveksten av det moderne jordbruket.

Korleis kom museet i stand og korleis har ideane utvikla seg gjennom dei ti første åra? Det er dette museumstyraren skriv om i denne delen av årboka.

Rogaland fylke er delt i fem museumsregionar – Karmsund, Ryfylke, Stavanger, Jæren og Dalane. I kvar region er det eit regionmuseum med eit overordna ansvar for å dokumentera og ta vare på kultur- og næringssoga i regionen.

Jærmuseet er det nyaste regionmuseet i fylket. Stiftinga Jærmuseet blei formelt stifta av kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå i Time rådhus 21. januar 1985.

Opprettninga av Jærmuseet var først og fremst resultat av to forhold:


- ønskje om nærmere samarbeid mellom bygdemusea på Jæren
- ønskje om å dokumentera den «nyare» landbruks-historiske utviklinga i Rogaland.

Arbeidet med desse to sakene gjekk delvis parallelt og kom til slutt å bli samanfallande.

Planar for eit sameint kulturvern

Det lokale museumsarbeidet på Jæren har røter tilbake til 1930-talet. Høyland bygdemuseum er det eldste lokalmuseet på Jæren og vart skipa i 1931 med Teodor Stokka som formann. Også i Klepp tok Peder Heskestad og Karl Særheim til å samla inn ein del gjenstandstilfang i 1930-åra. Men det var først i etterkrigstida at det kom lokale bygdesamlingar i dei fleste jaerkommunane. I Sola kommune er det ikkje oppretta noko bygdemuseum, men på slutten av 1980-talet blei her etablert eit flyhistorisk museum og ei kystkultursamling.

Tilliks med bygdemuseer andre stader i landet, viste også dei lokalhistoriske samlingane på Jæren først og



Stein Sægrov var formann i Høyland Bygdemuseum då dei kring 1980 sette igang ei storstilt innsamling av landbruksreiskap.

fremst reiskap og husbunad frå «det gamle bondesamfunnet». Mot slutten av 1970-åra erkjente bygdemusea etter kvart trong for samarbeid og samordning. Etter eit samrådingsmøte mellom formennene i bygdemusea på Jæren blei «Samarbeidsutvalet for bygdemusea på Jæren» skipa hausten 1979. Kvar kommune oppnemnde to representantar til utvalet. I 1981 blei det oppretta ei felles handverkarstilling finansiert med tilskot frå alle dei sju jærkommunane. Sverre Skjæveland frå Kvernaland blei tilsett i stillinga. Arbeidet blei samordna av Høyland bygdemuseum som og påtok seg arbeidsgjevaransvar og rekneskap. I 1983 kunne «Samarbeidsutvalet» leggja fram innstillinga «Bygdemusea på Jæren – planar for eit sameint kulturvern.»

Her heitte det m.a.:

«Betra kommunikasjonar har gjort regionen mindre, slik at lokale samlingar og faste kulturminne

har vorte lett tilgjengelege for eit mykje større publikum. Dette bør gje grunnlag for ei regional planlegging av kulturvernet. Bygningar og samlingar kan vurderast i ein heilskap og presenterast med tanke på folket i heile regionen som publikum. Konkret vil dette t.d. seia at dei lokale utstillingane kan gjevast kvar sin særprofil.»

Innstillinga frå «Samarbeidsutvalet» konkluderte med at det burde opprettast ein regional institusjon med omlag 7 stillingsheimlar – m.a. 3 handverkarstillingar. «Fyrst på eit slikt nivå kan ein forventa eit planmessig arbeid på heile det vide arbeidsfeltet som kulturvernet på Jæren representerer.»

Innstillinga vart så sendt ut til politisk behandling i kommunane.

Vern av «tekniske landbruksminne» i Rogaland

Dei fleste distrikts- og bygdemuseer i dette landet kan karakteriserast som landbruksmuseer. «Den gamle bondekulturen» har vore eit velkjent omgrep i norsk museumsvesen. Ein stor del av musea har nettopp sett det som si hovudoppgåve å dokumentera byggeskikk, arbeidsliv og levemåte i det førindustrielle bondesamfunnet. Folkemusea blei i mange høve skipa som reaksjon og vern mot «hamskiftet», pengehushaldet og industrialismen som truga dei gamle produksjons- og livsformene på bygdene.

Museumssamlingane rundt om i landet ber tydelege preg av denne arven. Gjenstandsmassen fortel om ein bondestand med enkel teknologi og stor grad av naturalhushald.

Den gjenstands- og reiskapskulturen som er knytta til utviklinga i landbruket etter hamskiftet, med sals-

jordbruk og mekanisering, blir langt frå gjenspegla i musea sine samlingar.

I 1970-åra begynte fleire av bygdemusea på Jæren å interessera seg for framveksten av det moderne jærjordbruket og dei «nye» landbruksreiskapane. Det var på høg tid – og helst i seinaste laget, slik det ofte er innan kulturvernet. Mange av desse nyare landbruksreiskapane tok til å bli gamle og rusta. På mange gardar var dei første hestereiskapane, landbruksmotorane og jamvel traktorane dumpa i myra eller selde som skrap.

Museumsfolk på Jæren såg at ting som viste utviklinga av det mekaniserte og maskinelle jordbruket var nødvendig dokumentasjonsmateriale om ein ville syna korleis folk på gardane hadde levd og arbeidd i vår nære fortid. Det var særleg Høyland Bygdemuseum, med dåverande formann Stein Sægrov i spissen, som var drivkrafta i dette arbeidet, og som kom til å leggja grunnlaget for samlingane til Jærmuseet.

På bakgrunn av det høgt mekaniserte og rasjonelle jærjordbruket, og den sterke posisjonen til reiskapsindustrien, er det rimeleg at arbeidet med å ta vare på gjenstandstilfeng frå det mekaniserte jordbruket tok til i denne landsdelen.

På landsplan var det drive svært lite innsamling og dokumentasjon av reiskapskulturen i vårt århundre.

Heilt frå starten av hadde difor «Samarbeidsutvalet» eit nasjonalt perspektiv på dette arbeidet:

«..., og at Jæren er et nøkkelområde i nasjonal sammenheng innen jordbruksproduksjon og mekanisk industri knyttet til jordbruket. Det bør slik være en naturlig oppgave for Jær-området å søke å løse de oppgaver det her er tale om», heitte det m.a. i følgjbrevet til innstillinga frå «Samarbeidsutvalet» som blei oversendt kommunane hausten 1983.


Men å ta vare på og setja i stand tekniske landbruksminne kravde store ressursar og særleg teknisk kompetanse. Dei innsåg difor at oppgåva best kunne løysast gjennom eit regionalt samarbeid. Gjenstandstilfenget ville heller ikkje variera særleg frå bygd til bygd. Innstillinga frå 1983 oppsummerte difor at

«På det landbrukshistoriske området er det dessutan semje om at utstillingar i ein felles utstillingshall med tilhøyrande magasin representerer den beste løysinga.»

Tanken om eit museum for det moderne landbruket var likevel ikkje ny i Rogaland. I 1970-åra hadde det vore arbeidd med planar om eit landbruksmuseum i tilknyting til jernaldergarden på Ullandhaug i Stavanger. I 1976 sette m.a. fylkeskommunen av kr. 10.000,- til dette prosjektet. Men alt då var det usemje om plasseringa av eit slikt museum. Fylkespolitikar Arne Helvik frå Sola argumenterte sterkt for at eit landbruksmuseum burde lokaliserast i landbruksmiljøet lengre sør på Jæren. Han kontakta t.d. både kulturstyra og bondelaga i dei aktuelle kommunane, men responsen var minimal.

Men Ullandhaug-planane stoppa opp.

I 1979 løyvde Rogaland fylkeskommune særskilde midlar til registrering og innsamling av «nyare» landbruksreiskapar. Midlane blei fordelt mellom Karmsund Folkemuseum, Rogaland Folkemuseum (no Ryfylkemuseet), Dalane folkemuseum og Høyland bygdemuseum på vegne av bygdemusea på Jæren. Desse musea fekk ansvaret for å gjennomføra registreringa i kvar sine regionar. Det blei sendt spørjeskjema til alle gardbrukarane i fylket for å finna ut kva reiskapar dei hadde, når dei kom i bruk og om eigarane var viljuge til å overlevera dei til museumsføremål. Svarprosenten var ikkje særleg høg. Ein god del reiskap blei likevel registrert, og ein del blei samla



Her er det flyttedugnad frå eit midlertidig magasin til ein anna. Jan Seldal var ein av dei trugnaste som var med å samla og tok vare på gjenstandssamlinga i 1980-åra.

inn. M.a. har Karmsund folkemuseum ei samling gjenstandar frå det tidleg mekaniserte landbruket på jordbrukskulen på Tveit i Nedstrand. Men det mest intensive innsamlingsarbeidet blei drive i jærgionen.

I åra 1980–1985 fekk dessutan bygdemusea på Jæren særskilde fylkeskommunale løyingar til innsaming og istandsetting av tekniske lanbruksminne med tanke på ein regional institusjon.

Arbeidet og pengane blei administrert av Høyland bygdemuseum. I april 1984 vedtok dessutan årsmøtet i Høyland bygdemuseum å overföra si landbruksamling til det planlagde regionmuseet.

Parallelt med at samarbeidet mellom bygdemusea utvikla seg, arbeidde fylkeskommunen med revisjon av fylkeskulturplanen.

Her heitte det m.a:

«I hver region skal det være et større museum med faglig kvalifisert arbeidskraft. (...) Det bør videre opprettes ytterligere et regionmuseum i Jær-regionen. Dette museet tenkes tillagt landbrukshistorisk arbeidsfelt som spesialområde.»

I vedtekene frå 1985 blei då og museet sitt føremål formulert på denne måten:

«Jærmuseet skal dokumentera utviklingslinene innan landbruket i Rogaland og styrkja vernet om bygdekulturen i regionen. Dette skal verkleggjerast ved å:

- *byggja opp ei landbrukshistorisk samling.*
- *vera eit fagleg og administrativt hjelpeorgan for bygdemusea på Jæren.*
- *yta fagleg hjelp ved vernevøling og vedlikehald av musealt verna bygningar.*
- *driva, og legga tilhøva til rette for, forsking innan museet sitt interessefelt.*
- *arbeida aktivt med spreiling av lokalsogekunnskap gjennom utstillingar, publikasjonar m.v..»*

Etter 10 års drift kan det høva med eit tilbakeblikk på verksemda så langt, og ein presentasjon av dei viktigaste utfordringane i åra framover.

SAMLINGAR OG RESTAURERING

I løpet av det siste ti-året er målsetjingane for innsamlingsarbeidet i hovudsak oppfylte. Det er bygd opp ei

representativ samling av reiskapar og maskinar som dokumenterer hovudtrekka i den tekniske utviklinga i norsk jordbruk frå slutten av 1800-talet og fram til 1960-talet. Under innsamlingsarbeidet har ein lagt vekt på følgjande forhold:

– Samla eit utval av dei vanlegaste reiskapane og maskinane, både norskproduserte og utanlandske, som har vore brukte i norsk jordbruk dei siste hundre åra.

– Samla ulike modellar og variantar av norskproduserte, og særleg jærproduserte reiskapar som dokumenterer viktige endringar og utviklingstrekk.

– Elles har museet ei eiga samling av omlag 60 veterantraktorar frå perioden 1916 – 1960.

– Samla reiskapskatalogar, arkiv og anna skriftleg materiale som kan supplera gjenstandsmaterialet.

Sjølvsagt har me «hol» i samlingane. Men hovudutfordringane for innsamlingsarbeidet framover er f.o.f:

Samla anna dokumentasjonsmateriale, ved hjelp av ulike typar arkivmateriale eller intervju med nøkkelpersonar, som kan gi større kunnskap om både produksjon og bruk av dei einskilde reiskapane eller maskinane.

Eit meir planmessig arbeid m.o.t. innsamling av gjenstandar og anna dokumentasjonsmateriale frå 1950-åra og framover. Kva skal ein ta vare på og korleis?

Museet står dessutan ovanfor omfattande vedlikehalds- og restaureringsoppgåver. Med kun ein handverkar, og mange kompliserte restaureringsprosjekt, vil det ta lang tid før eit representativt utval av samlingane er i presentabel stand. Sidan museumshandver-


kar Sverre Skjæveland nå nærmar seg pensjonsalderen, har me dei siste åra prioritert å setja i stand dei eldste og mest forkomne veterantraktorane. Dette er eit møysoommeleg og svært krevjande arbeid som krev ein ekte «tusenkunstnar». I åra framover vil museet leggja større vekt på å restaurera eit breiare utval av andre typar maskinar og reiskapar.

ETABLERING PÅ KVIA

Lokaliseringdebatt og grunninnløysing.

Jærmuseet var altså skipa i januar 1985. Men kven skulle hysa denne skapnaden? Allereie i innstillinga frå «Samarbeidsutvalet» var det tale om å byggja ein eigen utstillingshall og etablera ein fast tilhaldsstad for dei tilsette. I løpet av 1985 og fram til sommaren 1986 fekk me ein tradisjonell, norsk lokaliseringsdebatt både i styre og råd og i dei sju eigarkommunane. I første omgang tilbydde Sandnes, Klepp og Gjesdal gratis tomt til det nye museet, nærare bestemt på hhv. Vagle, Øksnevad jordbrukskule og Limagarden. Etter innspel frå Arkeologisk museum i Stavanger lanserte også Hå kommune eit eige alternativ hausten 1985 – området Kvía/Audamotland på Nærø. Plasseringa skulle avgjera på omframt rådmøte i Time rådhus 19. juni 1986. Då hadde Vagle i Sandnes falle bort. Etter eit langt ordskifte vedtok Jæren Museumsråd at det nye museet skulle lokaliserast til Kvía/Audamotland i Hå kommune. Dei mange forminna og andre kulturminna i dette området ville tilföra museet spennande utviklingsmuligheter og plassera det i ein unik historisk samanheng.

Hå kommune tok på seg å løysa inn 56 da på garden Kvía, «Bondevennsgarden», til museumsføremål. Kommunen tok og sikte på å overföra det gamle tunet



på Audamotland til museet. På Kvía var det fleire grunneigarar, og ein kom ikkje fram til nokon friviljig salsavtale. Kommunen laut difor oreigna området, og innløysinga kom såleis til å bli ein omstendeleg prosess. Kultur- og vitskapsdepartementet gav løyve til oreigning i oktober 1988. Men skjønnsforhandlingane skulle ta si tid. Våren 1989 fekk kommunen ein leigeavtale med grunneigarane slik at Jærmuseet kunne disponera området. Først våren 1991 fekk Jærmuseet formell skøyte på eigedommen.

Audamotlandstunet vart innløyst i samband med innkjøpet av kulturminne- og friluftsområdet «Hanabergsmarka» i 1991, og overlete Jærmuseet med bygninga og omlag 6 da i 1994. Men museet skal i tillegg disponera 30 da innmark og kunna nytta beite i friluftsområdet.

Eit eige museumsbygg

Parallelt med grunninnløysinga arbeidde museet med planlegging og finansiering av nytt museumsbygg. Sjølv byggeprosjektet og prosessen bak er presentert i ein eigen artikkel av professor Einar Myklebust.

Korkje det tidlegare «Samarbeidsutvalet» eller styret som blei oppnemnd i 1985, tenkte seg at det skulle gå 10 år før Jærmuseet kunne ønska publikum velkomne i eige bygg. Sjølv om alle jærkommunane hadde vore samstemte om å skipa eit felles regionmuseum, og dela ansvar for drift og investeringar, var det først i 1991 at samleie eigarkommunar vedtok å løyva investeringsmidlar til bygget. I tillegg har Rogaland fylkeskommune, Norsk Kulturråd, landbruksamvirket i Rogaland og næringslivet på Jæren gitt tilskot til prosjektet.

Takka vera eineståande velvilje og forskoteringar

frå Hå kommune kunne byggearbeida setjast i gang før finansieringsplanen var oppfylt.

Dette er likevel berre 1. byggesteg. Eit eige utstillingsbygg er ferdig prosjektert, men manglar førebels finansiering.

Restaurering av Kviatunet

Museumsområdet på Kvía inkluderer og eit gardstun frå 1878. Då museet fekk hand om tunet, var bygningane i dårleg stand.

Verst stod det til med driftsbygningen som var heilt nedrasa og måtte byggjast opp att i frå grunnen av. Heimehus og fjøs fekk reparert taket, og delar av kledningen og ein del vindauge blei skifta. Storparten av restaureringsarbeidet blei utført i perioden 1989 – 1991 og kosta vel 1,3 mill. kroner.

Arbeidet blei utført av byggmeister Trond Nærland. Prosjektet blei finansiert av Rogaland fylkeskommune, Norsk Kulturråd, Landbrukets utbyggingsfond og landbruksamvirket i Rogaland. Elles blei det nytta ein del sysselsetjingstiltak. Medlemskommunane har ikkje gitt tilskot til Kviegarden.


Under restaureringa la me vekt på å behalda dei fasadar og utsjånad som bygningane hadde fått i etterkrigstida. Målsetjinga var å gjenskapa eit gardsmiljø frå vår nære fortid.

«På Kvía har dei ein hest som arbeider»


Museumsområdet omfattar storparten av innmarka på garden. Då Jærmuseet i 1986 ba Hå kommune løysa inn eit såpass stort areal dyrka mark var det med tanke på demonstrasjonsbruk. Eit landbruksmuseum lokalisert i eit av dei mest intensive og aktive jordbruksområda i landet, burde ikkje berre samla og



Løa var heilt nedrasa i 1990 og blei bygd opp frå grunnen av i 1991.



Lars Ødemotland og Trond Nærland set stolpane på stein, slik som dei gjorde før.




Her blir ei av grindane reist på gamlemåten, ved hjelp av handamakt.

stilla ut maskinar og gjenstandar, men også visa arbeidsmåtar og reiskapsbruk i praksis. Målet var å byggja opp ein museumsgard med ulike husdyr og allsidig jordbruksdrift slik ein ville finna det på ein jærgard i tidleg etterkrigstid og fram til byrjinga av 1960-talet.

Når museet tok 1950-åra som utgangspunkt for bygningsmiljø og gardsdrift hadde det fleire grunnar:

- 1950-åra representerer sjølve gjennombrotet for det moderne jordbruket. Det var m.a. då ein fekk den store overgangen frå hesteteknologi til traktorteknologi. Det er såleis naturleg å visa både hesten og traktoren i arbeid.
- Det var då mjølkemaskinane for alvor avløyste handmjølkinga, ein fekk høysvansen og andre nye reiskapar som føresette traktoren med hydraulikk,



Ordførar Eldar Odland i Hå opna den første aktivitetsdagen på Kviagarden i 1991, medan Tobias Skretting frå Jærmuseet held mikrofonanlegget.

og som betydde ei omlegging av arbeidsmåtar og reiskapsbruk.

- Det var likevel før produksjonen blei spesialisert, slik at det enno var vanleg å ha ulike husdyr, grønsaker, forvokstrar, korn o.s.v. på gardane.

- Sjølv om maskinane var blitt ein del av kvardagen, var det framleis mykje som måtte gjera med handemakt, og der heile familien måtte delta. Borna hadde sine sjølvsgagde plikter og oppgåver.

Jærmuseet kjende til at det hadde vore planar om å få til ein 4H-gard i Rogaland, men arbeidet hadde stoppa opp. Rogaland 4H blei invitert til drøftingsmøte og synfaring på Kvia. Hausten 1987 blei det nedsatt ei arbeidsgruppe med representantar frå Jærmuseet og 4H. Prosjektet fekk støtte av Norske 4H – også eit økonomisk tilskot på 25.000,- kroner.

Gardsdrifta på Kviagarden tok så smått til i 1990. Tobias Skretting fungerte som gardsstyrar i sommarhalvåret. Alt i 1989 hadde Jærmuseet fått hand om ei lita besetning av vestlandsk raukolle som var den dominante kurasen i vårt distrikt fram til NRF-kyrne overtok.

Den første tida var dyra i pensjon hos styreformann Nils Njå og gardbrukar Arne Fotland i Time. Men dette året var dyra på sommarbeite på Kvia. Dei fem 4H klubbane i Hå gjekk saman om dyrkingsfelt på Vestre Vodlen.

Året etter (1991) inviterte ein for første gong publikum til Kvia. Jærmuseet og 4H klubbanne i Hå arrangerer då to opne aktivitetsdagar. Sidan 1992 har ein hatt heilårsdrift på garden. Her finn du dei husdyra som har vore vanlege på gardane i distriket her – hestar, sauer, jærhøns, gjess (norsk kvit gås), gris og, som nemnt, ei bevaringsbesetning av vestlandsk raukolle.

Arbeidet med å verna gamle husdyrrasar blir gjennomført i samarbeid med Norsk Landbruksmuseum på Ås.

Elles blir her dyrka ulike kornslag, høy, poteter, forskjellige forvokstrar og grønsaker.

Dei opne aktivitetsdagane, og dei særskilde opplegga for born på ulike alderssteg, har vist at slik «levande» og aktiv formidling er avgjerande for publikumsinteressa. Men røynslene frå dei siste åra syner og at ei av dei store utfordringane for museet framover blir å vedlikehalda og vidareføra dei praktiske kunnkapane og ferdighetene knytta til bruken av eldre teknologi. Ikkje berre må ein ha mannskap som forvaltar gammal jordbrukskunnskap og kan bruka eldre maskinar og reiskapar, men ein treng også t.d. hestar som er trena til slikt arbeid. Den stadig sterkare fokuseringa på fjordingen som ridehest og fritidsdyr kan på sikt undergrava den gamle «arbeidshesten». Ikkje rart den vesle jenta med stor forundring fortalte bestefaren sin at «... på Kvia, der har dei ein hest som arbeider.»

DOKUMENTASJON OG FORSKING

I museet sine vedtekter er det slått fast at Jærmuseet m.a. skal driva, og leggja tilhøva til rette for, forsking innan museet sitt interessefelt.


Dei første åra av museet si historie gav skrinne vilkår for større dokumentasjons- eller forskingsprosjekt. Men gjennom enkelte av dei dokumentasjonsprosjekta som museet har utført for lokalmusea eller kommunane har ein henta fram og lagt til rette ny kunnskap om sider ved kultur- og næringssoga i regionen. Dei siste åra har også Jærmuseet sett i gang eigne, meir omfattande dokumentasjons- og forskingsprosjekt.

Prosjektet «Med sauens til fjells»

Hausten 1991 tok dåverande formann i Jæren Smalelag, Gustav A. Håland kontakt med museet. Han ønskte eit samarbeid for å samla inn tradisjonsstoff omkring *driftesmalen* og spesielt *heiegjetarane*. Hans ønske var at dette måtte munna ut i ei bok om emnet. Museet såg også dette som verdfullt og laga framlegg




Pensionert heiegjetar Magnus Kluge lærer folka på museet å laga myrmjølk. Foto: Jærmuseet.



Sandnesmuseet sytte for at konservator Målfrid Grimstvedt dokumenterte drifta ved Krossens Havremølle før dei la ned i juni 1988. Her står møllemester Jimmy Laura med den siste sendinga havregryn på Sandnes havn.

til korleis ei slik innsamling kunne organiserast og gjennomførast. Det resulterte i eit breidt samarbeid mellom Jæren Smalelag, dei lokale sau- og geitealslaga i Sør Rogaland, Fylkeslandbrukskontoret og museet. Museet ønskete å utvida ramma for prosjektet til å omfatta ein brei dokumentasjon av korleis det er å driva med sau i dag.



Time bygdemuseum tek også vare på mølletradisjonar. Det er utført omfattende restaureringsarbeid på Fotland mølle. Jærmuseet har hjulpet til med istandsetting av mølleutstyret.

Det er samla inn eit omfattande materiale, noko som m.a. er presentert i utstillinga «Med sauens til heis». Den var ferdig til opninga av museet i 1995 og står ut året. Boka om driftesmalen er under skriving og skal etter planen utgis i 1996.

Samarbeid mellom landbruksmusea


Hausten 1994 inngjekk Norsk Landbruksmuseum på Ås, Egge Museum i Steinkjer og Jærmuseet eit samarbeid der desse tre musea i fellesskap påtar seg eit nasjonalt ansvar for å dokumentera nyare norsk landbruks historie. Dette resulterte m.a. i at ein samarbeidde om å utforma eit prosjekt for å dokumentera dei teknologiske hovudlinene i norsk jordbruk med særleg vekt på produktutvikling og teknologisk endring. Prosjektet er førebels støtta av Norsk Kulturråd og blei sett i gang hausten 1995. Ein del av




Lokalmusea på Jæren avspeglar meir enn den tradisjonelle bondekulturen. I løpet av det siste tiåret har både handverk, småindustri og kystkultur fått plass på musea.

Over: Arne Sandkleiva demonstrerer ljåsmiing i Gjesdal Ljåfabrikk, eit av anlegga til Gjesdal bygdemuseum.

Til høgre: Randaberg bygdemuseum har laga ei regional sjøbruksutstilling som fortel om kystfiske på Jæren. Den ligg i tilknyting til Tungenes Fyr.



Å laga temautstillingar er også ein måte å fornya bygdemusea på. Her frå ei utstilling i Klepp bygdemuseum.



Kystkultursamlinga i Tananger er i eit sjøhus frå 1851. Dei har ei samling på meir enn tjue fiskebåtar og ei losskøyte.




arbeidet vil bli utført i samarbeid med Senter for samfunnsforskning ved Universitetet i Bergen. Målet er å byggja dette ut til eit større forskingsprosjekt.

ARBEIDET I REGIONEN

I innstillinga frå «Samarbeidsutvalet for bygdemusea på Jæren» var det skissert trong for minst sju stillingsheimlar for at det nye regionmuseet skulle fylla dei oppgåvene det var tiltenkt. M.a. tenkte ein seg ein konservator med særleg ansvar for lokalmusea og tre handverkarstillingar. Av desse var to tiltenkte oppgåver ute på bygdemusea med konservering, bygningsvern o.s.v. I tillegg understreka ein behovet for ein museumslærar og ei stilling med ansvar for kontorhald, registrering, arkiv og bibliotek.

Diverse synte det seg fort at korkje kommunane eller fylkeskommunen var viljuge til å løyva pengar til desse stillingane. Sverre Skjæveland vart «overteken» av Jærmuseet då museet blei skipa. Sommaren 1986 blei mag. art. Målfrid Snørteland tilsett som museumsstyrar. Frå kommunane kom det fort førespurnader om fagleg hjelp til konkrete utstillings- og kulturvernprosjekt. Etter drøftingar med kulturkontora i regionen kom ein fram til at det var grunnlag for å engasjera ein konservator som skulle arbeida ute i kommunane. Sidan ein ikkje fekk tilskotsmidlar til stillinga, føresette ein at dei enkelte kommunane/lokalmusea betalte ein timepris for det arbeidet dei ville ha utført. I mars 1987 blei mag.art. Målfrid Grimstvedt engasjert som konservator. Sidan har Jærmuseet vore engasjert i ei rekke ulike prosjekt rundt omkring i kommunane: museumsplanarbeid i Sandnes, dokumentasjon av Krossens Havremølle og De forenede ullvarefabrikker – Ålgård, utstillingar i Potteri- og teglverksmuseet,



Styremøte på Jærmuseet sitt kontor i det gamle rådhuset på Nærø i 1992. Frå venstre: Roald Bergsaker, Sandnes; Johan Vestvik, Randaberg; Hans Voll, Klepp; Tobias Skretting, Hå; styreformann Nils Njå, Time; museumsstyrar Målfrid Snørteland; Einar Lea som representerer dei private medlemmane.

Sandnes, sjøbruksmuseet og fyrmuseet på Tungenes, restaureringa av Gjesdal Ljåfabrikk og ljåsmieprosjekt i lag med handverksregisteret på Maihaugen, planlegging av tekstil/tettstadmuseum på Ålgård, leikeutstillinga på Hå gamle prestegard og mindre utstillingar rundt om på bygdemusea.

Tilgangen på oppdrag har likevel vore varierande, og finansieringsgrunnlaget har såleis vore usikkert. I enkelte høve har me måttå seia nei til oppdrag, andre år har museet måttå ta på seg oppdrag utover regionen for å skaffa dei nødvendige lønsmidlane. Etter kvart har dessutan fleire kulturkontor tilsett eigne kulturvernleiarar, og etterspurnaden etter konsulenttenester frå Jærmuseet er blitt mindre. Først i 1995 vart denne konservatorstillinga akseptert innanfor fylkeskommunen si budsjetttramme.

Sidan museet framleis har eit stort press på seg for å

skaffa eigeninntekter, er ein likevel avhengig av ein del oppdragsinntekter. Men framover håpar me nå å kunna arbeida meir med større, regionale dokumentasjons- og forskingsprosjekt.

«Samarbeidsutvalet» sine intensjonar om å utvikla ulike profileringar av lokalmusea i regionen har delvis blitt følgt opp. Randaberg har i løpet av dei siste åra lagt særleg vekt på å utvikla Tungenes-området til museumsføremål og publikumsattraksjon.

Her profilerer ein dei maritime sidene ved Jæren, med sjøbruksmuseum og fyrmuseum. I Gjesdal har ein fått restaurert både smier og ljåfabrikk, og samstundes restaurert Limagarden. Det er og tankar om eit tekstilmuseum i den gamle veveribygningen på Ålgård. Time har fått til eit flott kulturmiljø kring Fotlandsfossen med kraftstasjonen og den gamle mølla. Som nemnt har ein på privat initiativ i Sola etablert både ei kystkultursamling i Melingsjøhuset i Tananger og eit flyhistorisk museum. I Klepp må friluftshuset på Orre, med informasjon om Jærtrendene landskapsvernombåde, reknast som eit nærskylt tiltak sjølv om det ikkje har museumsstatus.

Det gamle Høyland bygdemuseum i Sandnes har skifta namn til Sandnesmuseet og fokuserer nå meir på byhistorie. Dei har m.a. eit eige potteri- og teglverksmuseum i Langgata. Elles er Krossen Havremølle nå freda og vil bli opna for publikum våren 1996. Sandnes kommune tar og siktet på å etablira eit

museumssenter i løpet av perioden 2000 – 2005. Dette skal både innehalda eit bymuseum og eit industrimuseum for Jæren. Tanken her er at industrimuseet skal organiserast som ei eiga avdeling av Jærmuseet og betraktast som eit tredje byggsteig.

Her vil ein leggja hovudvekt på industrigreiner som i stor grad er felles for jærkommunane – i første rekke landbruksbasert industri, trevare, tekstil, handel og kommunikasjon.

I løpet av dei siste åra har også fylkeskommunen i sitt planarbeid lagt større vekt på regionmusea si rolle som faglege kompetansesentra og overbygningar for museumsstellet i dei ulike regionane.

Fylkeskommunen har og nett vedteke ein plan for spesialmusea. Her blir det lagt opp til at dei større spesialmusea, som ønskjer driftstilskot i frå fylkeskommunen, må knytast til regionmuseet som ei avdeling. I første omgang betyr dette at Jærmuseet får ei konservatorstilling for Sola flymuseum – truleg frå 1996.

Målfrid Snørteland

f. 1952 på Karmøy. Magistergrad i etnologi ved universitetet i Bergen. Styrar ved Jærmuseet sidan 1986.

STRATEGI- OG HANDLINGSPLAN FOR JÆRMUSEET 1995–2000

Jærmuseet feirar i 1995 10-års jubileum samtidig som det nye museumsbygget blir opna for publikum. Denne første 10-års perioden kan ein sjå på som ein etablerings- og oppbyggingsfase. Nå står museet ovanfor ein konsoliderings- og driftsfase som krev ny gjennomtenking og vurdering av mål og prioriteringar for dei kommande åra. Årsmøtet i Jæren Museumsråd vedtok difor i april 1995 ein ny strategi- og handlingsplan for dei kommande åra.

Eit museum sine hovedoppgåver er: Innsamling – bevaring – dokumentasjon – forskning – formidling.

Arbeid og tiltak innanfor alle desse områda skil eit museum frå ulike typar samlingar.

Denne strategi- og handlingsplanen skal oppsummere status og peika på dei viktigaste utfordringane og måla for Jærmuseet innan desse ulike arbeidsfelta fram mot år 2000.

Mål og prioriteringar vil bli ytterlegare konkretisert i arbeidsprogramma for dei enkelte åra.

kompetanse til hjelp for lokalmusea og kulturvernet i regionen.

2.0 BEVARING OG DOKUMENTASJON

Jærmuseet har i dag store samlingar av reiskapar og maskinar som viser utviklingslinene i det mekaniserte og maskinelle jordbruket.

Mellom dei offentlege musea her i landet er Jærmuseet si samling den mest omfattande i sitt slag. Samlingane omfattar og ei stor katalogsamling, arkivmateriale, film og foto.

2.1. Hovedoppgåver og prioriteringar:

2.1.1. Gjenstandssamlinga:

Etter ein omfattande innsamlingsperiode treng museet nå tid til å prioritera kvalitativt arbeid med det gjenstandsmaterialet som alt er samla inn framfor ny innsamling. Før museet har fått meir ressursar til forsvar-

leg lagring av samlingane er det dessutan svært begrensa kva museet har kapasitet til å ta hand om.

Prioriterte oppgåver framover er først og fremst å

- skaffa betre oversyn over samlingane gjennom registrering og katalogisering. Når det gjeld lokalproduksjon må det innhentast opplysningar fra reiskapsbedriftene og lokale nøkkelpersonar slik at ein sikrar best moglege kunnskapar om desse gjenstandane.

- leggja ein restaureringsplan for prioriterte gjenstandar
- realisera 2. byggesteg av museumsbygget slik at ein større del av samlingane kan oppbevarast under trygge forhold. Dette betyr likevel ikkje at museet skal leggja all innsamling til sides. Men det inneber ei langt strengare prioritering. Først og fremst skal museet.
- utarbeida innsamlingsplan for etterkrigsmateriale
- ta inn gjenstandar som har særleg landbrukshistorisk verdi eller reiskapar og maskinar i god stand som kan etterstatta tilsvarande ting i dårleg forfatning.

2.2.2. Katalogar, arkiv og anna dokumentasjonsmateriale.

Innsamling av denne type materiale er ei prioritert oppgåve.

Museet vil ta kontakt med reiskapsbedriftene for å få ei meir systematisk innsamling av katalogar, arkiv, film og foto.

3.0 GARDSANLEGG OG GARDSDRIFT

Järmuseet meiner det er viktig at ein ikkje berre tar vare på reiskapar, maskinar og anna dokumentasjonsmateriale. Museet har og som mål å ta vare på, vedli-

kehaldar og vidareføra kunnskapen om korleis reiskapane blei brukte og korleis arbeidet blei utført. Dette vil museet gjera ved utprøving og demonstrasjon av eldre driftsmåtar på museet sine gardsanlegg.

3.1. Järmuseet-Kvia 4H-gard

med ca. 50 da jordbruksareal, var den første museumsgarden med heilårsdrift her i landet. Det er og den einaste kombinerte museums- og 4H-garden.

Järmuseet fekk hand om tunet i 1989. Med tilskot frå Norsk Kulturråd, Rogaland fylkeskommune, LUF og landbruksorganisasjonane i Rogaland er det utført ei omfattande restaurering.

Garden har vore i drift sidan 1991 og tar sikte på å visa husdyr, dyrking og arbeidsmåtar på ein jærgard i vår nære fortid.

Museet er og engasjert i arbeidet med å vernar gamle husdyrrasar, og har ei bevaringsbesetning av vestlandsk raukolle.

3.2. Audamotland

Järmuseet har overtatt det gamle tunet på Audamotland. I tilknyting til tunet vil museet få disposisjonsrett til omlag 30 da dyrka mark som inngår i det statlege friluftsområdet. Heimehuset er under restaurering. Driftsbygningen er i dårleg forfatning og taket treng rask reparasjon.

Målsetjinga for Audamotlandsgarden er å prøva ut og demonstrera driftsmåtar knytta til det førmekaniserte jærfjordbruket.

Målsetjingar:

Järmuseet-Kvia 4H-gard er heilt sentral i Järmuseet sin dokumentasjons- og formidlingsstrategi.

Mest kvar veke har me her besøk av grupper av barn frå barnehagar, skular, skulefritidsordninga, fridagsklubbar og 4H-klubbar. Gardsdrifta og onnene i jordbruket har og vore utgangspunktet for dei vel-lukka aktivitetdagane som er skipa til dei siste åra – med stor publikumstilstrøyming frå heile regionen.

Fra hausten 1994 er det og inngått eit samarbeid med helse- og sosialetaten i Hå kommune der psykisk utviklingshemma får nyttar tilbuda på garden. Kommunen betalar ein fast årleg sum for dette og det er tilsett ein eigen medarbeidar til å ta hand om desse gruppene.

- Det er ei høgt prioritert målsetjing å halda oppe og sikra drifta av garden.
- Gardsstyrarstillinga må snarast få eit tryggare økonomisk grunnlag.
- Järmuseet vil halda fram samarbeidet med Rogaland 4H og Norske 4H gjennom samanslutninga av norske 4H-gardar.
- Det må dessutan vera eit mål at Kviagarden, saman med Audamotland, blir bygd ut til eit nasjonalt kunnskaps- og kompetansesenter for vern, vedlikehald og vidareføring av kunnskap knyttta til eldre reiskaps- og maskinbruk i jordbruket.
- Det må skaffast omframme midlar til restaurering og rekonstruksjon av dei øvrege bygningane i det gamle Audamotlandstunet.
- Museet sine anlegg skal kunna nyttast av ulike grupper i samfunnet. Museet vil m.a. halda fram samarbeidet med helse- og sosialetaten og er open for å vurdera også andre samarbeidspartar som kan ha interesse eller glede av å nyttar anlegga.

4.0 FORSKING

Muse med vitskapleg personale er å rekna som forskingsinstitusjonar.

Dokumentasjon, forsking og forskingsførebuande arbeid er avgjerande for at ein institusjon kan reknast som ein fullgod museumsinstitusjon, til skilnad frå samlingar av ulike slag.

Dokumentasjon og forsking er ein vesentleg føresetnad for formidling.

4.1. Aktuelle forskingsområde og forskingsmål

I løpet av det første ti-året har Järmuseet gjennomført ein del mindre dokumentasjonsprosjekt og forskingsførebuande tiltak.

På bakgrunn av museet sine målsetjingar og samlingar kan ein peika ut nokre forskingsmål og problemstillingar som er viktige for vår institusjon, og som Järmuseet har særlege føresetnader for å dekka.

4.1.1. Samtidsdokumentasjon av driftsformer i jordbruket

Dei siste par åra har Järmuseet arbeidd med eit større dokumentasjons- og forskingsprosjekt om sauehald og heiaføring av sau i Sør-Rogaland.

Ein del av dette materialet ligg til grunn for utstillinga «Med sauens til heis». Arbeidet skal dessutan resultera i ei bok.

Museet ser det og som ein fordel å kunna samarbeida med forskjellige grupper innan landbruksnæringa eller ulike interessegrupper/lag i både innan regionen og i vidare geografisk forstand for å gjennomføra ulike typar dokumentasjonsprosjekt.

- Dokumentasjon og forsking omkring driftsformer i det moderne jordbruket er ei klar oppgåve for

Jærmuseet. Saueprosjektet er eit godt døme på dette.

- Museet vil freista å nytta same modell for liknande prosjekt.

4.1.2. Utprøving av driftsopplegg knytta til ulike typar teknologi.

På bakgrunn av dei røynslene museet har hausta gjennom drifta og aktivitetane på Kviagarden, er det eit mål å gjennomføra

- systematisk dokumentasjon av arbeidsmåtar, reisksaps- og maskinbruk knytta til ulike typar teknologi. Det kan ein gjea ved å kombinera intervju, rekonstruksjon av arbeids situasjonane og videooppptak av desse demonstrasjonane.
- Målet er og å prøva ut og hausta erfaringar med heile driftsopplegg knytta til ulike teknologiar.

Gjennom systematisk utprøving og samanlikning av ulike driftsopplegg over tid vil oppdaga andre samanhengar og framskaffa ny kunnskap om desse driftsmåtane. Dette vil og vera kunnskap som kan fungera som innspel i den aktuelle jordbruksdiskusjonen – om t.d. miljø, gjødselbruk, jordpakking, kulturlandskapsvern o.likn.

4.1.3. «Den produktive jærkulturen»

Storparten av den norske reisksaps- og landbruksmaskinproduksjonen er lokalisert til Jæren. Dette gjer at Jærmuseet har spesielle føresetnader for å dokumentera ikkje berre bruken av ein reiskap, men også prosessen bak skapinga og vidareutviklinga av ein bestemt reiskap eller maskin nytta i landbruket.

Initiativ til nye produkt eller forslag til forbeteringar av eksisterande utstyr kom ofte frå brukarane/bøndene

sjølve – f.eks. gjødselspreia «Doffen», høysvansen og «Brøyten».

- Ei av dei viktigaste forskingsoppgåvene til Jærmuseet er nettopp å dokumentera **det landbruksteknologiske miljøet** på Jæren – samspelet mellom brukar og produsent, eller dei tette banda mellom jordbruk og industri.

Frå ein overordna synsvinkel ønskjer museet å sjå dette miljøet som del av det me førebels har kalla

- «*den produktive jærkulturen*»

Ved å studera og dokumentera ulike produsentmiljø – anten innanfor jordbruk eller industri, kan ein sjå om det innanfor desse gruppene er holdningar, normer og verdiar som er felles og som eventuelt konstituerer ein slik produktiv jærkultur.

4.1.4. Samarbeid med andre muse

Jærmuseet vil samarbeida med andre muse utover i landet for å dokumentera nyare norsk landbrukshistorie og bidra til å bygga opp eit nasjonalt nettverk innan dette fagfeltet.

- Innanfor dette samarbeidet vil Jærmuseet prioritera prosjektet «*Dokumentasjon av reisksapskulturen i det mekaniserte og maskinelle landbruket*» som Norsk Kulturråd alt har gitt si støtte til.

4.2. Korleis organisera kunnskapsproduksjonen ved ein liten institusjon med knappe ressursar?

Ressurs- og arbeidssituasjonen tillet oss ikkje å gjennomføra planlagde dokumentasjons- og forskingsprosjekt når me måtte ønskja, og slett ikkje slik me måtte ønskja. Men skal Jærmuseet ha noko interessant å fortelja publikum, anten i årbökene våre eller gjennom

utstillingar og andre publikumarrangement, må ein formidla kunnskap som held ein viss kvalitet.

Museet har eit ansvar for å få fram nytt materiale innan fagfeltet vårt.

Dette kan ein freista å løysa på ulike måtar:

- *Publisering av arbeid til andre forskrarar.* Jærmuseet har sidan 1989 gitt ut årboka «Sjå Jæren». For å sikra ein fagleg kvalitet på hovudartiklane i boka har me f.eks. sett oss om i historikarmiljøet eller det landbruksfaglege miljøet i regionen for å sjå om her er ressurspersonar med særleg innsikt i emne og problemstillingar me ønskjer belyst.
- *Engasjera andre forskrarar/fagpersonar* til dokumentasjonsoppgåver, (utanom institusjonen) for å løysa konkrete prosjekt finansierte gjennom særlege prosjektmidlar.
- *Organisera større dokumentasjons- og forskingsprosjekt* som involverer fleire personar på ulike nivå.

Døme: sauehald og heiaføring av smale i Sør-Rogaland.

- *Eiga forskarstilling.*

Med bakgrunn i Jærmuseet sine samlingar, og utfrå den posisjonen Jæren har vedr. den teknologiske utviklinga i norsk jordbruk, bør det vera eit mål å få statlege driftsmidlar til ei forskarstilling ved museet innan dette fagfeltet.

Eit samarbeid med Rogalandsforskning og andre forskingsmiljø i regionen, kan gi prosjektet ei verdfull ryggdekning.

5.0. FORMIDLING

Hittil har Jærmuseet hatt eit nokså avgrensa formidlingstilbud til publikum. Sidan 1991 har Jærmuseet

drive eit formidlingstilbud på Kviagarden, dels i samarbeid med Rogaland 4H. Dei første åra var tilbuedet konsentrert om nokre opne aktivitetsdagar.

Dei to siste åra har ein tatt imot skuleklassar og barnehagar på dagtid. I tillegg kjem besøk av skule-fritidsordning, feriekubber, 4H-klubar, speidargrupper o.likn. I 1994 var t.d. nærare 5000 barn på gardsbesøk på Jærmuseet.

Men opninga av nybygget våren 1995 stiller nye og langt større krav til formidlingstilbodet enn før.

5.1. Målgrupper

Formidlinga vil bli tilpassa ulike grupper. Dei viktigaste målgruppene vil vera:

- skular
- barnehagar
- publikum i regionen
- særskilde grupper som t.d. lag, organisasjonar, bedrifter, bedriftsklubar, turistgrupper o.likn.

5.2. Mål for formidlinga

Museet har to hovudmål for formidlinga:

- * Kunnskapsformidling
- * Formidling av oppleving

5.2.1. Aktivitetar

Aktivitetane på Jærmuseet har så langt vore konsentrerte om Kviagarden. Den grunnleggande tankegangen bak denne formidlinga kan samanfattast i mottoet «læra med å gjera.» Med dette meiner ein ei aktiv kunnskapsformidlinga der målet er, gjennom demonstrasjonar og praksis, å visa korleis gjenstandar blir brukte, korleis reiskapar og maskinar fungerer, korleis ulike typar arbeid blir utført, korleis produkta blir til

etc. I den grad det er mogleg skal publikum, og ikkje minst borna, sjølve kunna delta i ulike gjeremål.

Både programma på dei opne aktivitetsdagane og opplegga for skular/barnehagar, har i hovudsak tatt utgangspunkt i onnene i jordbrukskunsten, husdyra våre og arbeidet på garden. I den grad det er mogleg har borna sjølve fått vera med på ulike aktivitetar – som t.d. kålplanting, potetsetjing og potetopptak, slått og høyonn, kinning av smør, karding og toving, skur og trøskjing o.likn.

- *Målet med dette er at borna skal få med seg kunningskap både om den nære fortida og om landbrukskunsten.*

I åra framover tar museet sikte på

- *ei kvalitativ forbetring av undervisingopplegget og større differensiering mot ulike klassesteg.*
- *ein auke i talet på grupper/klassar, særleg ved å utvikla betre tilbod og utnytta kapasiteten betre i vinterhalvåret.*
- *På bakgrunn av det store besøket av skuleklassar bør det opprettast ei eiga stilling som aktivitetsleiarl museumspedagog.*

5.2.2. Utstillinger

Sidan Jærmuseet ikkje har hatt eigne utstillingslokale, har ikkje utstillingsaktivitet vore nok prioritert oppgåve. Museet har likevel laga mindre, temporære utstillinger rundt om i regionen – gjerne i samband med spesielle arrangement.

Frå 1995 får museet eit eige, om enn svært begrensa, utstillingsareal. I det opne magasinet vil publikum få tilgang til ei fast gjenstandssamling.

På «hemsen» er det rom for mindre, skiftande utstillinger.

Men først med realiseringa av 2. byggesteg vil museet få ein eigen utstillingshall. Publikum sine forventningar til museet vil neppe bli innfridda før dette utstillingsbygget er reist.

Museet vil leggja vekt på at

- *utstillingane skal ha høg fagleg kvalitet og profesjonal design.*
- *I den grad det er mogleg vil museet samarbeida med ulike grupper i regionen om å laga temporære utstillinger som presenterer tema frå kultur- og næringsliv.*
- *Det planlagde utstillingsbygget bør realiserast innan slutten av 1990-talet.*

5.2.3. Publikasjonar

Sidan 1989 har Jærmuseet gitt ut årboka «Sjå Jæren». Her vil museet publisera lokalhistorisk materiale over eit breidt register.

- *Museet har som mål å auka utbreiinga av årboka monaleg i løpet av dei neste åra.*
- *Museet ønskjer å utvida rekrutteringsgrunnlaget for forfattarar til årboka.*

5.2.4. Tiltak – nye utfordringar

Når nybygget opnar vil truleg bygget i seg sjølv trekka ein god del interesserte og nyfikne publikummarar, både lokalt og frå heile regionen. Skal ein nå dei store publikumsgruppene, og skal ein få folk til å komma tilbake fleire gonger, må ein samtidig utvikla særlege publikumstilbud.

Aktivitetane på Kviagarden og røynslene frå desse aktivitetsdagane, bør danna basis for publikumsaktivitetane framover.

- *Tilboda må utvidast m.o.t. tema og aktivitetstypar. Både gardsanlegg og nybygget bør brukast som arena for aktivitetar og oppleveling.*
- *Museet må knytta til seg fleire samarbeidspartar.*

Stikkord:

- * *husflidsaktivitetar, husflidslag, hobbyklubbar etc.*
- * *mat, mattradisjonar, nye matprodukt,*
- * *forbrukarinformasjon, produsentlag, samvirkeorganisasjonane.*
- * *«veteranklubbar», bilar, «gammeltraktoren venner», andre «samlarar» o.likn.*
- *Det blir utarbeidd eigne aktivitetsprogram for kvart år.*
- *På grunn av manglande faste driftstilskot bør nye tilbod i første omgang etablerast som særskilde prosjekt med omframme tilskot.*

Skal ein utvikla og utvida demonstrasjonsopplegga på Kviagarden, krev dette etter kvart større mannskap, men og vedlikehald og overføring av praktisk kunningskap om bruk av eldre reiskapar og maskinar.

- *Det bør difor m.a. etablerast ei gruppe av friviljuge gode «hjelparar» som både kan delta som mannskap og som vakt på slike temadagar.*
- *Eit viktig element i eit slikt tiltak vil og vera å utvikla museet som sosial møteplass for interesserte grupper i nærmiljøet.*

Stadig fleire grupper, klubbar, lag, turistar etc. ønskjer seg spesielle «opplevelsesturar».

- *Museet må utvikla særlege tilbod mot ulike grupper med program, meny o.sv.basert på lokale tradisjonar og ressursar.*
- *Samtidig må ein tilby museet som kurs- og arrangementssstad.*

- *Prinsippet for slike opplegget må vera at museet skal ha igjen eit overskot.*

6.0. ARBEIDET I REGIONEN

6.1. Overordna fagleg ansvar

Jærmuseet har det overordna faglege ansvaret for at sentrale delar av den regionale kultur- og næringssoga blir tatt vare på og dokumentert. Det er ein nødvendig føresetnad at dette arbeidet skal utførast i nært samarbeid med lokalmusea og spesialmusea i regionen.

- *Jærmuseet har som mål å bli eit breidt museumsfagleg kompetansesenter som kan yta tenester for lokalmusea og kommunane på Jæren.*
- *Jærmuseet er viljug til å ta på seg det faglege driftsansvaret for ein del av spesialmusea i regionen under føresetnad av at fylkeskommunen tilfører nødvendige stillingar og driftsmidlar.*

Korleis den formelle tilknytinga mellom Jærmuseet og desse spesialmusea/avdelingane skal vera må drøftast med dei aktuelle musea og dei enkelte kommunane.

6.2. Industriavdeling i Sandnes

Enkelte industrigreiner har hatt særleg sterk posisjon på Jæren – landbruksbasert industri, tekstil, trevare, ferdighus.

Desse industrigreinene er i stor grad prega av å vera «interkommunale», både ved at verksamder innan desse områda finnster i fleire kommunar og ved at ulike bedrifter over tid flyttar mellom kommunane.

Dessutan er handel og kommunikasjoner innan regionen eit regionalt dokumentasjonsansvar.

- *Jærmuseet har som mål å etablira ei industriavde-*

ling/ utstillingar i Sandnes som viser hovudtrekka i den regionale industrihistoria.

7. OPPSUMMERING: BEHOV FOR STILLINGAR OG INVESTERINGAR

7.1. Stillingsbehov

Jærmuseet har i dag kun tre stillingar på «sikker» lønn: – styrar/konservator

- handverkar
- konservator

I tillegg har museet 4 stillingar som blir finansierte av meir tilfeldige midlar, t.d. prosjektmidlar, arrangementsinntekter, særlege avtalar med Hå kommune.

Desse stillingane er:

- gardsstyrar
- museumsassistent (med særleg ansvar for PU og barn)
- prosjekt-/aktivitetsleiar
- prosjektmedarbeidar.

I tillegg kjem deltidshjelp av ulikt slag, vakter, avløysarar o.likn.

Det vil i lengda vera uforsvarleg å driva dette anlegget med så minimal bemanning og usikker finansiering. Sjølv om Jærmuseet også i åra framover vil satsa sterkt på å få tak i ulike prosjektmidlar og auka eigeninntektene, lyt ein likevel ha ei basisbemanning med eit sikkert finansieringsgrunnlag.

Dessutan er denne institusjonen heilt utan fast kontorfullmektig. Eit så pass stort anlegg kan i lengda heller ikkje fungera utan vaktmeister.

Med det store besøket av barn og skuleklassar som dette museet alt har, og som truleg vil auka betydeleg

dei neste åra, vil det og vera nødvendig å ha fast stilling som museumspedagog/aktivitetsleiar.

Innanfor det nasjonale samarbeidet om å dokumentera nyare norsk landbrukshistorie vil det vera behov for ein eigen konservatorstilling.

I tillegg kjem behov for vakter og omvisarar.

Stillingsbehov som må dekkast av faste tilskot:

- * kontorfullmektig
- * gardsstyrar/vaktmeister
- * museumspedagog/aktivitetsleiar
- * konservator/forskar

7.2. Oppsummering investeringsbehov

Jærmuseet har opna 1. byggetrinn av nytt museumsbygg. Ennå manglar utstillingsbygg og tilfredsstilande magasinpllass.

Skal ein imøtekomma publikum sine forventningar til eit moderne museum må 2. byggesteg realiseraast snarast.

I dei planane som er skissert ovanfor ligg og investeringsbehov m.o.t. Audamotland og industriavdeling i Sandnes. Desse investeringsbehova må konkretiserast nærrare.

Jærmuseet har behov for investeringsmidlar til følgjande tiltak dei kommande åra:

- Utstillingsbygget er kalkulert til ca. 10 mill. 1992-kroner. For å realisera siste byggetrinn vil Jærmuseet søka Norsk Kulturråd om yttarlegare midlar. Vilkåret for dette er at Rogaland fylkeskommune og jærkommunane synleggjer at dei vil vedta nødvendige løyingar til fullføring av Jærmuseet i økonomiplanen for 1996–99.
- Oppbygging av industriavdeling i Sandnes.
- Restaurering av tunet på Audamotland.

VEDTEKTER FOR JÆRMUSEET

Vedtekne i 1985, sist revidert i 1991

§1 Stiftinga Jærmuseet er eit eige rettssubjekt skipa av kommunane Gjesdal, Hå, Klepp, Randaberg, Sandnes, Sola og Time.

Museet er ein del av fylket sitt samla museumsstell og lyt såleis rette seg etter dei krava det offentlege stiller i samband med tilskotsskipnaden for halv-offentlege muse.

Museet er ein medlemsorganisasjon der og interesserte verksemder, organisasjoner og einskildpersonar kan verta medlemer.

Styret avgjer kven som kan verta medlem utanom kommunane. Avgjerda kan ankast til rådet. Opptak av nye medlemskommunar må godkjennast av samlede medlemskommunar.

Museet sine samlingar er grunnkapitalen.

§2 Jærmuseet skal dokumentera utviklingslinene innan landbruket i Rogaland, og styrkja vernet om bygdekulturen i regionen. Dette skal verkeleggjerast ved å:

- byggja opp ei landbrukshistorisk samling.
- vera eit fagleg og administrativt hjelpeorgan for bydemusea på Jæren.
- yta fagleg hjelp ved vernevøling og vedlikehald av musealt verna bygningar.
- driva, og leggja tilhøva til rette for, forsking innan museet sitt interessefelt.
- arbeida aktivt med spreiing av lokalsogekunnskap gjennom utstillingar, publikasjonar m.v.

§3 **Jæren Museumsråd**, som er museet sitt høgste organ, har ordinært møte i første kvartal kvart år. Rådsmøte vert elles halde når styret gjer vedtak om dette, eller når minst 1/3 av rådsmedlemene eller

Rogaland fylkeskommune krev det. Styret kallar inn til møte i rådet med 3 vekers skriftleg varsel.

Rådet er sett saman slik:

1. **Medlemskommunar** med inntil 10.000 ibuarar vel 3 representantar kvar. Kommunar med ibuartal mellom 10.000 og 25.000 vel 4 representantar kvar, medan kommunar med meir enn 25.000 ibuarar vel 5 representantar. Styremedlem frå vedkomande kommune skal vera mellom representantane til rådet.
2. **Verksemder og samyrkjeorganisasjonar** som er medlemer, har møte-, tale- og forslagsrett og kan seg imellom velja inntil 4 representantar med røysterett. På same vilkår kan einskildpersonar som er medlemer, møta og seg imellom velja 3 røysteføre representantar.
3. **Rogaland fylkeskommune** vel 2 representantar m/ varamedlemmer. Fylkeskultursjefen har møte-tale- og forslagsrett.

Kommunale medlemer av rådet vert valde for den kommunale valbolken, med eit fullnøyande tal vararepresentantar. Andre rådsmedlemer vert valde for to år om gongen.

Rådet er vedtaksført når minst helvta av dei røysteføre representantane er til stades. Rådet konstituerer seg sjølv med eigen ordførar.

Ordinært rådsmøte skal handsama følgjande saker:

1. Styret si årsmelding.
2. Rekneskap med ettersynsmelding.
3. Styret sitt arbeidsprogram for det komande året, samt eventuelt langtidsprogram.

4. Vedta budsjett og kontingentsatsar, jfr. § 5.
5. Val:
 - formann og varaformann i styret.
 - det kan veljast 2 styremedlemmer som skal representera dei friviljuge medlemmene.
 - revisor – jfr. § 4,5. leden.
 - valnemd med 3 medlemer.
 - nemder og andre utval etter framlegg frå styret eller rådet.
6. Andre saker. Desse lyt føreleggjast styret seinast 2 veker før møtet i rådet.

Ved like røystetal på rådsmøtet gjer ordføraren si røystegjeving utslaget.

§4 Styret har 10 medlemmer som skal veljast på fylgjande måte:

1. Kvar medlemskommune nemner opp 1 styremedlem med vararepresentant.
2. Rogaland fylkeskommune nemner opp 1 styremedlem med vararepresentant.
3. Ordinært rådsmøte kan velja 2 styremedlemmer, jfr. § 3.

Kommunale og fylkeskommunale oppnemningar skjer for valbolken, andre for to år om gongen.

Styret er vedtaksført når minst 5 medlemer er tilstades – mellom desse formann eller varaformann. Ved like røystetal er formannen si røystegjeving avgjerande. Styret har ansvaret for museet si drift innanføre den vedtekne budsjetttråma. Styret tilset personale og gjev retningsliner for den daglege drifta.

Styret skal protokollføra forhandlingane sine, syta for fullnøyande rekneskapsføring, og leggja fram årsmelding og ettersett rekneskap for rådet. Rekneskapet skal reviderast av offentleg revisjonsorgan eller statsautorisert revisor etter gjeldande reglar. Fylkeskultursjefen har møte-, tale- og forslagsrett i styret, og skal såleis motta innkalling til, og referat frå, styremøta.

§5 Museet sitt budsjett vert finansiert ved tilskot, kontingentar og eventuelle driftsinntekter.

Medlemskommunane betaler driftskontingent til museet med ein fast kronesats pr. ibuar. Kronesatsen vert fastsett av rådet med godkjenning av medlemskommunane.

«Vertskommunetilskot», som lekk til tilskotsskipnaden for halvoffentlege musè, vert å likna ut på alle medlemskommunane etter folketal ved at ein turvande del av kontingen-innbetalingane vert nyttå i denne samanhengen.

Rådet gjer vedtak om kontingentsatsar for andre medlemer enn kommunane med særskilde satsar for:

1. verksemder og samyrkjesorganisasjonar.
2. andre medlemer.

§6 Formannen og eit styremedlem i sameininga pliktar stiftinga juridisk.

§7 Vedtekten kan endrast på ordinært rådsmøte med 2/3 fleirtal. Vedtektsbrigde lyt leggjast fram for medlemskommunane og Rogaland fylkeskommune til godkjenning.

§8 Medlemskommunane kan fritt melda seg ut etter vedtak i kommunestyret. Tilsvarende gjeld for andre medlemer. Medlemer som går ut, har ikkje krav på nokon del av museet sine eignelutar.

§9 Vedtak om oppløysing kan berre gjerast på ordinært rådsmøte og med 2/3 fleirtal. Vedtaket lyt godkjennast av medlemskommunane og Rogaland fylkeskommune.

Ved oppløysing skal disponeringa av museet sine eignelutar avgjerast av medlemskommunane og Rogaland fylkeskommune i fellesskap.

§10 Vedtekten tek til å gjelda når dei er godkjende av medlemskommunane og Rogaland fylkeskommune.